



Bedehuset Saron Bryne

Postboks 117, 4349 Bryne

Lover for Bedehuset Saron Bryne

(Sist endra på årsmøtet xx.xx.xxxx)

§ 1 Foreininga sitt namn og stifting

- a) Foreininga sitt namn er Bedehuset Saron Bryne
- b) Bedehuset vart oppført på Tollak Bryne sin eigedom i 1878, ved gåver frå vener i Time, Klepp, Bore og Orre - og frå andre herad på Jæren. Bedehuset vart nybygt på eiga tomt i 1972 i Parkvegen på Bryne i Time kommune

~~Alle kristelege lag som står på den evangelisk lutherske vedkjenningsgrunn og har si verksemd på Saron, eig huset. Desse laga har likevel ingen rett til utløysing om dei skulle slutta av arbeidet sitt på staden eller byggja eige hus.~~

§ 2 Føremål

- a) Foreininga skal eige og drive eigedomen «Bedehuset Saron Bryne» i Parkvegen
- b) ~~Føremålet med huset~~ Foreininga sitt føremål er å samla folk til oppbyggelege møte på Guds ords og den evangelisk lutherske vedkjennings grunn
- c) Likeins å samla folk til festar, innsamlingar og basarar til beste for arbeidet i Guds rike heime og ute på misjonsmarkene

§ 3 Medlemskap

(Frå dagens §1)

Medlemmar er alle kristelege lag som står på den evangelisk lutherske vedkjenningsgrunn og som har si verksemd på bedehuset Saron, eig huset

(I brevet frå advokat Rege & Wibe oppfatar dei at organisasjonane er medlemmer i foreininga.)

§ 4 Eigarforhold

Bedehuset Saron Bryne er sjølveigande. Ingen kan disponere foreininga si formue eller har krav på utdeling av overskot eller hefter for gjeld.

(Frå dagens §1)



Bedehuset Saron Bryne

Postboks 117, 4349 Bryne

Dei laga som nyttar huset har ingen rett til økonomisk utløyning om dei skulle slutta av arbeidet sitt på bedehuset eller byggja eige hus.

§ 5 Årsmøte og val av styre

(Frå dagens § 3)

Til å styra ~~huset~~ **foreininga** vel årsmøtet 6 medlemmer og 2 varamedlemmer. 3 medlemmer går ut kvart år. Varamedlemmene vert valde for eitt år. Årsmøtet vel og revisor.

Røysterett har alle **enkeltpersonar** som vedkjenner seg som kristne, har fylt 18 år og er **medlem** i nokon av dei laga som er nemnde i § 3.

Styret vel sjølv leiar, nestleiar, sekretær og kasserar.

§ 6 Styrets oppgåver

(Frå dagens §4)

~~Styret har på seg:~~

- a) Å sjå til at **bedehuset** vert nytta i samsvar med lovene
- b) Å ta vare på **bedehuset** og syta for økonomien
- c) Å syta for at det vert halde årsmøte kvart år, helst i januar. Då skal styret legge fram årsmelding og revidert rekneskap

(Dagens punkt 1, 2 og 3 er endra til a), b) og c) likt med inndelinga til §1 og §2.)

§ 7 Bruk av bedehuset

- a) **Bedehuset kan nyttast av medlemslaga**

(Frå dagens §5)

- b) Gjeld det einskilde møte, kan **bedehuset**, etter vedtak av styret, nyttast av personar, lag eller andre samfunn med same kristne grunnlag som medlemmer i foreininga
- c) Styret kan også leiga huset bort til andre samfunnsgagnlege føremål. Programmet for slike samkome må ikkje vera i strid med ~~huset~~ **foreininga** sitt føremål. Styret set fast leiga for bedehuset

§ 8 Endring av lovene

(Frå dagens §6)



Bedehuset Saron Bryne

Postboks 117, 4349 Bryne

Lovene kan berre endrast på eit årsmøte. Framlegg til endring må vera innsendt til styret og gjort kjent minst 3 månader før årsmøtet. For å verta vedteke, må framlegga få minst 2/3 fleirtal.



Bedehuset Saron Bryne

Postboks 117, 4349 Bryne

Love for Bedehuset Saron Bryne

(Sist endra på årsmøtet xx.xx.xxxx)

\$ 1 Foreininga sitt namn og stifting

- a) Foreininga sitt namn er Bedehuset Saron Bryne
- b) Bedehuset vart oppført på Tollak Bryne sin eigedom i 1878, ved gåver frå vener i Time, Klepp, Bore og Orre - og frå andre herad på Jæren. Bedehuset vart nybygt på eiga tomt i 1972 i Parkvegen på Bryne i Time kommune

\$ 2 Føremål

- a) Foreininga skal eige og drive eigedomen «Bedehuset Saron Bryne» i Parkvegen
- b) Foreininga sitt føremål er å samla folk til oppbyggelege møte på Guds ords og den evangelisk lutherske vedkjennings grunn
- c) Likeins å samla folk til festar, innsamlingar og basarar til beste for arbeidet i Guds rike heime og ute på misjonsmarkene

\$ 3 Medlemskap

Medlemmar er alle kristelege lag som står på den evangelisk lutherske vedkjenningsgrunn og som har si verksemd på bedehuset.

\$ 4 Eigarforhold

Bedehuset Saron Bryne er sjølveigande. Ingen kan disponere foreininga si formue eller har krav på utdeling av overskot eller hefter for gjeld.

Dei laga som nyttar huset har ingen rett til økonomisk utløyning om dei skulle slutta av arbeidet sitt på bedehuset eller byggja eige hus.

\$ 5 Årsmøte og val av styre

Til å styra foreininga vel årsmøtet 6 medlemmer og 2 varamedlemmer. 3 medlemmer går ut kvart år. Varamedlemmene vert valde for eitt år. Årsmøtet vel og revisor.

Røysterett har alle enkeltpersonar som vedkjenner seg som kristne, har fylt 18 år og er medlem i nokon av dei laga som er nemnde i § 3.

Styret vel sjølv leiar, nestleiar, sekretær og kasserar.



Bedehuset Saron Bryne

Postboks 117, 4349 Bryne

§ 6 Styrets oppgaver

- a) Å sjå til at bedehuset vert nytta i samsvar med lovene
- b) Å ta vare på bedehuset og syta for økonomien
- c) Å syta for at det vert halde årsmøte kvart år, helst i januar. Då skal styret legge fram årsmelding og revidert rekneskap

§ 7 Bruk av bedehuset

- a) Bedehuset kan nyttast av medlemslaga
- b) Gjeld det einskilde møte, kan bedehuset, etter vedtak av styret, nyttast av personar, lag eller andre samfunn med same kristne grunnlag som medlemmer i foreininga
- c) Styret kan også leiga huset bort til andre samfunnsgagnlege føremål. Programmet for slike samkome må ikkje vera i strid med foreininga sitt føremål. Styret set fast leiga for bedehuset

§ 8 Endring av lovene

Lovene kan berre endrast på eit årsmøte. Framlegg til endring må vera innsendt til styret og gjort kjent minst 3 månader før årsmøtet. For å verta vedteke, må framlegga få minst 2/3 fleirtal